



## Notat

Dato: 23.02.2016  
Arkivsak: 2016/412-3  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Hegglandsdalsvegen i Os - spørsmål om tidsbruk knytt til rydding av veg

I møteboka frå samferdselsutvalet sitt møte 14. januar 2016 er det teke inn fylgjande oversending frå representanten **Gustav Bahus (Frp)**.

*«Hegglandsdalsvegen i Os kommune var stengd i fleire dagar pga. at nokre tre bles over vegen. BKK tok sin del i løpet av timar, medan Statens vegvesen/operatørar vurderte det for farleg å rydde vegen.»*

Ber om kva for vurderingar som vart gjort når ein kunne la det gå så lang tid. Vegen er m.a. utrykningsveg for både brann og legevakt i samarbeidet mellom Os og Samnanger.»

Vedlagt er brev frå Statens vegvesen med svar på oversendinga.

Fylkesrådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.